

— Lagsblad —

Nr. 3

Mars 1933

16 året



Saklista:

Fra 6. april til 17. mai.

- Torsdag 6. april: Musikk av Ths. Haar og Einar Salomonsen.
Lagssaker. Kaffi og kringla.
- Sundag 9. april: Spelkveld.
- Torsdag 20. april: Fyredrag: Skulestyrar Martin Birkeland.
Song av Songarlaget.
- Torsdag 27. april: Stutte fyredrag av Guri Ånestad og
Kornelius Meland.
Bondeguten ved Einar Nordaker.
- Torsdag 4. mai: Ordskifte um sumarplassane.
- Torsdag 11. mai: Sumarprat. Leik. Kaffi.
- Onsdag 17. mai: Fest.

Songarlaget hev øving kvar måndag kl. $\frac{1}{2}$ 9.

Boksamlingi. Bokutlån kvar måndag frå $\frac{1}{2}$ 8—9. Denne gilde boksamlingi bør alle lagsfolk nytta.

Påske.

Kjem du ihug våren der heime. Kor det var varmt og godt i bakkanane der soli skein på det visne fjoroldet, dei fyrste broddane av det nye graset tedde innunder det på dei varmaste plassane.

Kjem du ihug ljøsken um andlitet åt far og mor når dei song dei gamle påskesalmane. Eller stilla langfredag. Det var som fjelli og skogen var med:

Stille, stille, Jesus lider,
blodet brenn og sári kvider.

Tenk ei stund um påsketanken slokna millom oss. At det store dramaet kringum lidingsvegen og Golgata ikkje lenger hadde noko å segja oss. Eg fæler me vart fatige då.

Mange arbeidar hardt for at det skal verta so. Skal det lukkast åt dei? Det står til ungdomen idag.

Hans bod til oss var bodet um kjærleiken. Elska kvarandre! Vere gode mot kvarandre! Og sjølv synte han vegen. Ingen ber større kjærleik enn den at han set livet til for venene sine, sa han -- som han sjølv gjorde.

Han grunda kjærleiksriket millom oss. Og det hev stridd seg fram mot all menneskenes sjølvsykja og vondskap. Alt som det hev bore fram millom oss av hjartemilde og godhug er ætta frå han. Tak det burt, so løyser me hardhugen og villskapen, me ser det kringum oss mange stader i verdi

idag. Gjev påskebodet aldri tagna hjå oss.

Påskehelg. So vil me so mange som kann upp der vårsoli lyser yver vinterkvite viddar. Eller vanka i lidane der soli vermer det visne fjoroldet med selja blømer, og older og hassel svingar med blomeroklene sine i vinddraget.

Lat oss lyda etter stilla um dei snøtunge nutane når tankane langfredag stanar hjå lidingsmannen som breider armane sine mot all menneskens ætt frå krosstreet på Golgata. Og lat påskemorgonen sitt sigersbod stråla ljøs inn yver tankane når me minnst at kyrkje-klokkor yver all heimen syng ut: Han er uppstaden. Det trengst ikkje prest til å setja i ord det som ord ikkje kan segja. Det me fatar som ei aning med våre inste og djupaste lengslor.

Have so alle ei sæl og signa påskehelg.

Svein Boge.

Til Utsira.

Sundag 11. juni skipar *Rogaland Mållag* til ei sumarutferd til *Utsira*. Kunde ikkje Bondeungdomslaget og vera med her? —

Utsira er ei lita øy der langt ute i havet, er det minste herad i landet, hadde det fyrste kvinnelige heradsstyre, og herute finn me og mange hustuffer frå de fyrste bustader i Rogaland. —

Til deg far.

Som foss um våren fløynde
og berre sprengde på
slik *far* nok og du drøymde,
— eit lukkeland å nå —
So tok du ut på ferdi
so glad og sæl i sinn,
ho låg der open verdi
med sol um nut og tinn.

Ja ut du tok på ferdi
so ung og glad og sæl;
men lunefull var verdi
det veit me då so vel, —
du fekk nok motbør finna
ja vanskar og en fekk,
— men *fram* du støtt fekk vinna
i alle år som gjekk.

Når tiderne var tronge,
når dagane var grå
og timane var longe,
når skjeivt det vilde gå, —
då var du lika gilde,
ja du var lika fjåg
og augo lika milde
hjá deg me alltid såg

For oss so trutt du streva
du gode gilde *far*, —
å gjev me kunde leva
i dine fotefar,
då var me trygg på ferdi
i livsens storm og strid,
i lunefulle verdi
me var for ôtte fri.

Ja heimen du fekk byggja
kor heimen han var gild, —
her er slik fred og hyggja,
— og hagen du fekk til
med rosor og med blomar
ved både haust og vår, —

men mest når det er sumar
med sol og himmel klår.

„At, *far* du kunde gjera
det gilde du hev gjort
og fram i livet bera
so mykje gjævt og stort“.
Eg kan det ikkje skyna
korleis du fekk det til, —
å, gjev eg att fekk syna
den taksemd, som eg vil.

Ja, *far* det skal du vita
eg segjer det i kveld,
um tungt du måtte slita,
du gjorde alt so vel.
I augo dine blenkte
det støtt ein kjærleg smil —
på heimen mest du tenkte
og heimen han var gild.

So *takk* for alle dagar
ja *takk* for strid og kav
og *takk* for blom i hagar
ja *takk* for alt du gav.
Gjev soli enn vil lysa
for deg i mange år, —
— til himlen skal deg hysa
der er det alltid vår!

Nye lagsfolk.

Signy Iversen
Astrid Vestbø
Signy Steen
Haldis Hansen
Olga Nilsen
Einar Kvadsheim
Olav Måland
Inga Klausen
Bjarne Skjærpe
Magnhild Seland



Kaffistova

Østervåg 25, var fyrste stova til Bondeungdomslaget. — Det var noko nytt i byen. Dei fyrste åri var det ein rein „folkevandring“ til denne stova, — ja det var reint ut sagt „på moten“ og gå på stova.

Me tek idag med ein klisje frå den fyrste tid då laget tok til å lysa i bladet om denne nye Kaffistova.

Me vil minna lagsfolk ogso om denne stova, som laget driv i Østervåg 25.

Stemna i Soknasund.

Bondeungdomslaget, Rogaland Historielag og ordføraren i Bru og Mosterøy skal gå saman og skipa til eit stemna i Soknasund

Ved dette høve var det meiningi og høgtida 900 års dagen for Trygve Olavson, som fall i Soknasund 1033.

Truleg vert leiga ein større båt — då ein ventar stor tilstrøyming til stemna. For laget vart desse valde med i stemnenemndi: *Kristian Børheim — Kornelius Meland og O. A. Vestbø*

17de mai.

Som laget sine utsendingar til å møta i Børsen og veija 17de mai nemnd for Stavanger vart valde *Anders Løvik og Kornelius Meland*.



Ullanhaug Kaffistova

vert opna no til Påskehelgi. Lagsfolk bør få kjenningar med seg til Ullanhaug. Tykjer du det er stridt langt og bakkane for tunge, so finn vegen til Mostun. — Slå ring om laget sine forretningar — gjer stovorne vore kjende — lat umsetnaden auka, so me trass dei knappe tider kan få noko og rutta med



Presanger! Bryllupsgaver!

Alle slags SØLVSKEER og GAFLER
moderne mønster samt

Forlovelsesringe
i største utvalg

Gullsmed Martin Soma
ARNEAKEREN TETEFON 765

Frukt - Tobakk - Cigarar

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telef. 3440

Nytorget 5

Kjøp bøker



hos

Stendig fram.

Slik har det gått med Andvake. Målfolket i Rogaland kan trygt vera med. Bonus utskift sidan 1928. Umbodsmenn i Stavanger: MagnusVåge. Gunhild Bjerkreim, Øystein Eskeland, L. Torgersen, Lars Bjørheim.

Det vilde venteleg vera tenleg å tala med ein av dei um trygding.



MATSTOVA


ØVRE HOLMEGATA 20

Middag

Når ein kjøper bøker
på 10 middagar fær
ein velja rett til 1,20.

**MÅSKIN-
HUSET**

Indeh. Thorvald Veir
Bredgaten 9
Stavanger



»DURKOPP«
er den varigste og
beste symaskin.
Avbetaling indr.

O. THORSNES

KIRKEGATEN 42 - TELF. 3690

Alle slags skotøi

Billigt og godt! Gjør et forsøk.

J. Østebø

Telefon 1873 **Stavanger** Verksgt. 2

*Parafin hengjelampor
Ell. ljosekronor
Steinty - Postelin
Glasvaror*

En gros

En detail

Ingi gáva

pryder

som blommar frå

Blomsterhallen

Drikk

Varhaug

Kulturmelk

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt 18, telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid

Rimelige prisar og alt i
nyaste snitt.

GODT DRIKKA!

Hjå meg kann De få kjøpa brus, selters, boco, søt og sur
saft, epleaft, Vyrterøl frå Aktiebryggeriet (A. B. C.)

———— Løna med fleire medaljor ————

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

————KONGSGATA 36————

Telefon
727 k



*Dette firma har byens største utvalg
i slagverk og jassinstrumenter.*

Avbetaling innrømmes

H. T. RUUD A.s

Kirkegaten 40

N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og
Fedevarerforretning**

R. G. Klovning

Breigata 20 :: :: :: :: ::

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

A. Mauland A/s

Klostergaarden

Telefon 2645

Elektrisk Forretning

Radioapparater

KILOWATT

Engelsmindegt. 15 — Telf. 3119

LARS BØ

ELEKTRISK INSTALLATIONSFORRETNING

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458

Rigstelefon 3020 - 3089

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING :: ::

ETABL. 1828

Belysningskunst

? **Spør** etter

tekninger og yverslag

A. Edvardsen Selvik

Cicelør

Verksted Hetlandsg. 45

Bryne

Jonas Jørstads, Bokhandel

Fotografisk forretning

Stort boklager, Nynorsk, Bokmål

Kokak fotoapparat

Kokak film

Framkalling, kopiering



Det beste
De fær for pengane!

